



## OSTERØY IDROTTSLAG

SKI-VISA

Tone: Den glade vandrer

=====

Eg er den glade Ostergut  
og sorglaus går eg på  
dei vide fjell og tind og nut,  
der likar eg å gå.  
Falleri, fallera o.s.v.  
Der likar eg å gå.

Når snöen fell i dal og li  
og legg seg over mark,  
då kan eg bruka mine ski -  
med kåte spenn og spark.  
Falleri, fallera o.s.v.  
Med kåte spenn og spark.

Då vert det mange kvasse tak,  
og han som føre er,  
han skal eg alltid leggja bak,  
når me i löypa fer.  
Falleri, fallera o.s.v.  
Når me i löypa fer.

Med skia er eg alltid dus,  
og fram det ber med futt.  
Med kraft og fart og saftig sus  
og første mann til slutt.  
Falleri, fallera o.s.v.  
Og første mann til slutt.

Eg er den glade Ostergut,  
humöret er på topp.  
Eg oftast er på högste nut  
i språke sprang og hopp.  
Falleri, fallera o.s.v.  
I språke sprang og hopp.